

Høring ny lov om Dyrevelferd

Høyingsutdraget som er lagt fram har gjeve innsyn i nye tankar og utforminger i lovsform som skal avløyse nåverande dyrevennlov av 1974 med endringer i 2001.

Nord-Østerdal Bygdemiljø, som er underavdeling til Folkeaksjon Ny Rovdyrpolitikk, har hatt den aktuelle saka til drøfting.

Me finn mange gode forslag i lova, men går imot det som er nedskrive om store inngjerdingar av beitedyr. Dette vil føra til at viltet som er utkring inngjerdinga får eit auka rovdyrtrykk og dermed vil det føra til at dei viltartane som er i området blir sterkt redusert av predatorer (rovdyr). Rovdyra vil ha mat, og minkar matfatet søker dei ut til nye områder, som i sin tur får same problema. Så blir det nye store inngjerdingar, og nye store hinder for fri ferdsel.

Dette kjem i konflikt med allmannaretten til fri ferdsel i utmark! Dessutan vil beiteretten bli ubrukeleg. Dette ser me sjølv om representantar frå myndigheitene hevdar at beiteretten står ved lag.

Me finn ikkje dette truverdig, ein rett som ikkje lenger kan brukast er ingen rett lenger. Ei slik haldning som lovutkastet er i strid med Stortingets vedtak om at beiteretten skal vera brukandes sjølv om det er rovdyr i beitet. Dette vart fastslege i Rendalsdommen der Høgsterett slo fast at beitedyra har fortrinnsrett og at det var rovdyra som måtte ut.

Slik det no har utvikla seg har rovdyra fri tilgang på byttedyr av alle slag. Men er dette dyrevelferd? Når rovdyra angrip og riv sund offerdyr?

I lova er dette diffust og det må verta rom for ei klar og fornuftig løysing i tekst. Beitedyr og rovdyr kan ikkje gå saman, dette er gamal røynsle. Derfor førte tidlegare myndigheiter inn skottpremie på store rovdyr. Seinare bygde dei opp ved fredning av rovdyra eit lovverk, no viltlov, der paragraf 11 slo fast naudverge.

Den løysinga som synest enkel og grei er innhegning av rovdyr. 40 – 50 dekar store innhegner der rovdyr blir fora og halden under kontroll.

Hundelova (velferdslov) sette sterke krav til hundehald og sikring mot at hundar skulle koma ut og angripe bufe og vilt. Lova om hundehaldet er respektert. Dyrevelferdslov framlegget når neppe dit i si noverande form.

Mattilsynet er tiltenkt stor makt i lovutkastet. Å leggja fokus på dette gjer Mattilsynet til ein avskyeleg maktfaktor i mange matprodusenters auga. Mattilsynet har allereie skaffa seg mange ”riper i lakken” (Kleivasaka i Elverum m.a.), og det vil auka på slik lovframlegget er forma. Skal Mattilsynet vinna truverdigheit og bli den samordnande faktor må dei stilla på lag med matprodusentane si side. Da må instruksane omarbeidast og oppdraget formast slik at Mattilsynet kan oppmoda Direktoratet for Naturforvaltning (D.N.) til å ta ut skadedyr (rovdyr).

D.N. har både kunnskap og kompetanse for å løysa dette på ein god måte, med sin stab av folk i Statens Natur Oppsyn (S.N.O.). Paragraf 32 har tendens til å nytta forbud når det gjeld bruk av beite i rovdyrutsatte områder.

Ingen veit når rovdyr slår til, og ved fleire høve har me sett at sume flokkar kan gå fri for rovdyrangrep medan andre har fått store tap i same beiteområde. Det er såleis fleire faktorar som styrer dette. Derfor står ein overfor eit spesielt vurderingstilfelle. Å setja i gang inntaking og beitenekt vil bare føra til utviklande mistillit til myndigheit (Mattilsynet) og derfor vil uttak av rovdyr med hjelp av S.N.O.-personell verta etter vår vurdering ei god løysing, som også rovdyrverninteressane må kunne finna seg i. Staten på same måte som hundeeigarane har plikt til å halda kontroll på dyreartar som gjer skade på bufe og andre artar.

Ein må også merka at felling i naudverge må få ein klar paragraf i lova. Det er heilt feil å straffe folk for å felle angripande rovdyr. (Jamfør saker i Lierne, i Grue, i Engerdal osv) Det må vera lov for dyreeigar og eventuelle medhjelparar å fella rovdyr når det er fare for angrep og rett til å felle etter utført angrep. Dette utan politietterforskning og rettargang.

Erstatningar for tap som fylgje av rovdyr. Dette har vore og er eit utfordrande spørsmål som og Dyrevelferdslova må gjeva klare reglar for. Dette kan ikkje hjemlast i forskrifter men formulerast med klart pålegg om erstatning frå dag ein. Dei pengane som utbetalast må vera klarert for kjøtverdi, alsverdi, arbeidsvederlag og risiko.

Utanlandske interesser og internasjonale konvensjonar må inn i vurderingane, og me kan ikkje sjå at innhegn (vernehagar) av rovdyr kan koma i strid med f.eks. Bernkonvensjonen.

Til slut støtter me fullt og heilt uttala frå Folkeaksjon Ny Rovdyrpolitikk.

Mennesket må styra mangfaldet.

Nord-Østerdal Bygdemiljø

Kjell Ivar Nergård

Steinar Øien

Ola Tronsmoen.

Landbruks- og matdep.	
År: 2007	Doknr: 1972 - 45
Mottatt: 18 FEB 2008	MP/SDD
Saksomr: RFE	Adn: 751
Kopj:	Avskrift: